



Far Jostein og dotter Stine Saghaug var med i Sunnhordlandsmeisterskapen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Far og dotter frå Uskedalen, Jostein (42) og Stine (20) Saghaug var deltakarar i Sunnhordlandsmeisterskapen i friidrett i Husnes denne helga. Dei er allsidige utøvarar og var med i fleire tekniske disiplinar.



Jostein Saghaug kasta spydet 30,99. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stine hoppa 3,66 i lengde og vart nummer to og i høgde var ho einaste deltakar med 1,20. I tresteg vart ho nummer to med 7,36 og i slegge var ho einaste deltakar med 17,01.

Jostein vart femtemann med 1,45 i høgde og fjerdemann med 4,40 i lengde.

I diskos vart han sjettemann med 23,44 og femtemann i spyd med 30,99. I kule fekk han sjetteplass med 7,94 og i tresteg vart han nummer tre med 8,45. I slegge var han nummer fem med 16,16.

Ein tredjemann frå Uskedalen var også med, Torstein Monsen. Han vart tredjemann på 3000 meter med 10,50,1.

Meisterskapen hadde berre eit tjuetals deltakarar. Deltakinga har vore laber dei siste åra. Dette er eit tradisjonsrikt arrangement, som har halde det gåande frå 1939 med stopp i krigsåra og eitt år til. Men no har friidretten fått sterk konkurranse, ikkje minst frå fotballen.

Av Ola Matti Mathisen